

Birgit Oline Kjerstad

1. kandidat

Møre og Romsdal



**Saman byggjer
vi eit samfunn
for dei mange!**



For dei mange
- ikkje for dei få



Noreg treng eit skifte! Sjeldan har meir stått på spel. Vår tid krev kraftfull handling. Saman kan vi løyse klimakrisa og naturkrisa, jamne ut forskjellane i makt og rikdom og snu sentraliseringa. Det handlar om politisk vilje.

Eit rettferdig Noreg

SV vil styrkje fellesskapet. Vi må ta grep for å snu den aukande ulikskapen og omfordele slik at dei som har minst får meir å rutte med. Saman kan vi skape eit rausare, meir likestilt og inkluderande samfunn med plass til alle.

Vi vil byggje ut velferda og gi kommunane betre økonomi. Vi vil stanse privatiseringa, og ha fleire folk på jobb på sjukeheimane, i skulane og barnehagane. SV går til val på:

- Gratis SFO – alle barn skal få vere med i leiken
- Tannhelsereform – alle skal ha råd til å smile
- Faste, heile stillingar – ikkje lausarbeid og sosial dumping
- Avvikle helseføretaksmodellen – sjukehus er ikkje butikk

“Eit grønt skifte på folket og naturen sine premisser”

Eit rettferdig grønt skifte

Vi skal kutte utslepp, byggje grøn industri og dele på goda. Dei neste fire åra er avgjerande for å nå klimamåla. Om vi ikkje omstiller samfunnet no, vil det i tillegg skape arbeidsløyse og industridød.

Naturmangfaldskrisa er like alvorleg som klimakrisa. Vi må bort frå bruk og kast og over til sirkulærøkonomi. Eit rettferdig, grønt skifte må utjamne forskjellar og forvalte naturressursane til beste for fellesskapet. SV går til val på:

- Vern av Mørebankane og styrking av Runde Miljøsentar
- Seie nei til meir vindkraft på land og kyst som går utover natur og trumfar lokalt folkestyre
- Trygge kvardagsvegar, fleire grøne bussar og ferjer – nei til Møreaksen og Hafast
- Byggje heile landet – snu sentraliseringa og setje ein ny kurs for landbruk og distrikt



Vi treng ei ny raudgrøn regjering med eit sterkt SV, og vi treng Birgit på Stortinget!



1. kandidat
Birgit Oline Kjerstad (59)
Longva, Ålesund

Naturen treng sterkare vern. Vi vil ha vindkraftfrie fjell og fjøresteinar, miljødomstol, meir havforskning og varig vern av Mørebankane. Vi må forvalte naturressursane våre betre, og stoppe nedbygging av natur og dyrkamark.



2. kandidat
Kim Thoresen-Vestre (37)
Molde

SV seier nei til Møreaksen. Vi vil utgreie Romsdalsaksen, men tek gjerne rimelege grøne ferjer med hyppig frekvens. SV lovar også å ta med heile bygde-Pride frå Møre og Romsdal inn på Stortinget!



3. kandidat
Line Karlsvik (43)
Kristiansund

Vi må avvikle helseføretaksmodellen. Sjukehusa skal tilbake til folkevald styring, og vi må ha eit trygt og desentralisert fødetilbod til alle i heile fylket. Alle må få god tannbehandling uavhengig av økonomi.



4. kandidat
Marit Aklestad (37)
Ørsta

Statleg finansiert SFO er ikkje berre ei stor barnereform, det er ei viktig distriktsreform. Når dei store byane rullar ut gratis SFO, kan ikkje distrikta bli hengande etter. SFO må vere for alle!

Møre og Romsdal SV

Glomstuveien 2f
6412 Molde
Tlf.: 90 07 09 76
moreogromsdal@sv.no

Meld deg inn i SV!

Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner), eller
skann koden til høgre.

